



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	15.07.2010
Tid:	12:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 10/44	Godkjenning av protokoll Referatsaker	2010/326
PS 10/45	Søknad om konsesjon på kjøp av Stormyr gnr 113, bnr 4 i Midsund. Frank Hermert og Sibylle Hermert.	2010/280
PS 10/46	Uttale - Ambulansebåtar HNR HF - vedrørende beredskapsferje (blir ettersendt)	2009/19
Lukka møte	Kommunelova §31 nr. 3	
PS 10/47	Søknad om finansiering av internatplass	2010/292

Midsund, 09.07.2010

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 10/44 Godkjenning av protokoll

Referatsaker

Uprenta vedlegg:

- Høring; Utkast til ny lov om næringsrettede beredskapstiltak og endringer i NAV-lova.
 - Nye bredbåndsmidler til kommunene. Søknadsfrist 1.9.2010
 - Høring; "Det du gjør, gjør det helt". Innstilling fra utvalg for bedre samordning av tjenester for utsatte barn og unge
 - Tilsynsvarsel fra Datatilsynet; "Redegjørelse for arbeidet med personvern og internkontroll". Rapporteringsfrist 15.08.2010
 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Høring; Skjønnsmidlar 2011. Innspel frå kommunane.
 - Møre og Romsdal fylkeskommune; Utlysning av tilskot til etablering av frisklivstilbod.
 - Helse Midt RHF; Høring vedrørende plan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg i Midt Norge.
 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Utgreiing av oppreisingsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal
 - Interkommunalt PPT samarbeid; ber om tilbakemelding fra kommunene på ny avtale/ avtaleforutsetninger "Syns- og audiopedagogiske tenester i Møre og Romsdal"
 - Informasjon fra Landbruksdep. Tilskot av kr 170 000 til Midsund kommune til tiltak innen Helse og omsorg "Inn på tunet".
 - ASA 4303 - Avtale om driftstilskudd og takster for fysioterapeuter med avtale om drift av privat praksis med kommunene (statsavtalen). Ny avtale etter vedtak 209 i statsbudsjettet om omlegging av finansieringsavtalen.



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/280-2
Arkiv: 113/4
Saksbeh: Nils Edvin Sanden
Dato: 18.06.2010

Saksframlegg

Søknad om konsesjon på kjøp av Stormyr gnr 113, bnr 4 i Midsund. Frank Hermert og Sibylle Hermert.

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/45	Formannskapet	15.07.2010

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir Frank Hermert og Sibylle Hermert konsesjon på kjøp av gnr 113, bnr 4 i Midsund til ein pris av 2100500 kroner.

Det vert sett som vilkår at kjøparane flytter til bruket innan eitt år frå overtaking av heimel og har bruket som sin reelle bustad i minst fem år. Jordbruksareala må drivast i samsvar med §8 i jordlova.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre veker frå meldinga er motteken.

Saksutgreiing:

Frank Hermert og Sibylle Hermet søker om konsesjon på kjøp av bruket Stormyr, gnr 113, bnr 4 på Søre Midøy. Bruket har 44 da fulldyrka jord, 21 da innmarksbeite og 6 da anna areal. Det er to bustadhus. Det eldste huset er oppført i 1886 og har ei grunnflate på 69 kvm. Det nyaste våningshuset er oppført i 1982 og har ei grunnflate på 105 kvm. Driftsbygninga vart oppført i 1962 og er på 161 kvm.

På eigedomen er det dessutan eit naust.

Bruket har tidlegare hatt mjølkeproduksjon. Drifta på bruket har i lengre tid vore nedlagt og jordbruksareala drevne av eit nabobruk.

Den avtala kjøpesummen er 2100500 kroner.

Kjøparane opplyser at dei har praktisk røynsle med hestehald og skal drive med husdyrhald, tørking av høy, produksjon av rundballar og ev. leie ut areala.

Vurdering:

Etter §5 i konsesjonslova vil erverv av bebygd eigedom som har over 25 da fulldyrka eller overflatedyrka jord medføre at eigaren flytter til bruket innan eit år frå overtaking av heimel og har bruket som den reelle bustaden i minst fem år.

Buplikt kan setjast som vilkår for innvilging av konsesjon.

Eigaren av drivverdige jordbruksaral har driveplikt. Plikten er heimla i jordlova ,§8.

Jordbruksareal skal drivast . Ny eigar må innan eitt år ta stilling til om han eller ho vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet etter føresegnene i andre ledd.

Driveplikta kan oppfyllast ved at jordbruksareala vert vekklegd på skriftleg avtale med ei leigetid på minst 10 år og utan oppseiingsrett for eigaren. Avtalen skal leggjast fram for kommunen til godkjenning. Avtaler som medfører driftsmessige uheldige løysingar, kan følgjast opp som brot på driveplikta.

For at driveplikta skal vere oppfylt må jorda haldast i ein slik kulturtilstand at areala kan nyttast i vanleg jordbruksdrift og gje normale avlingar.

Ein ev. søknad om dispensasjon frå driveplikta skal handsamast etter jordlova.

Ved vurdering av søknader om konsesjon på kjøp av landbrukseigedomar skal det takast desse omsyna:

- om den avtala prisen medfører ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.
- om kjøparen sitt føremål vil ivareta omsynet til busetjing.
- om kjøpet medfører ei driftsmessig god løysing.
- om kjøparen er skikka til drive eigedomen
- om kjøpet ivaretek omsynet til ei heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Pris:

I taksten er dei ulike elementa taksert slik:

Våningshus	1300000 kroner
Kårhus	500000 ”
Driftsbygning	150000 ”
Areal	160000 ”
Naust	30000 ”
Sum	2140000 ”

Verdien av felles utmark/jaktrett er ikkje vurdert. Verdien av areala er difor sett noko lågt. Bruksverdien av driftsbygninga er sett rel. lågt og det er ikkje gjort tillegg for buverdi. Den avtala kjøpesummen på 2100500 kroner bør difor kunne akseptertast.

Omsynet til busetjing bør ivaretakast ved at det vert sett vilkår om buplikt.

Kjøparen må driva jorda på forsvarleg måte for eiga rekning eller leige ut areala på skriftleg avtale på minst ti år. Ein ev. avtale m utleige skal leggjast fram for kommunen innan eitt år frå overtaking av heimel. Kommunen må ta stilling til om ein ev. avtale medfører ei driftsmessig god løysing.

Det er ikkje vurdert om kjøparane er skikka til å driva det dyrehaldet eller drifta som vil bli på bruket.

Geir Gøncz
rådmann

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: